



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for april 2016.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK

Årgang 51



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.

President: Bernhard Harkjerr  
Visepres: Eileen Brandal  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Øystein Alme  
Styremedlem: Sverre J. Ulstein  
Styremedlem: Hanne Rognan  
Ansv.red.: Karin S. Holstad  
Referent: Aage Nytun

## Vaarnatten

Bækkene mumler i søvne.  
Tungt luter buskene over.  
Gylden i sortblanke vanda  
sænker en stjerne sit skin.  
Vaarlig er stjernen; den funkler  
ned til de verdner, som sover.  
Stjerne, du hellige,  
svar, om du ogsaa er min?

Skrek det? . . . Et trækfuglskriks ve-lyd!  
Vildt som i smerte det kalder.  
Gav det et løfte kanhænde,  
varslende kjærlighet, død?  
Søvnrætte bækkene graater,  
vet ikke selv, hvad de laller.  
Stjernen, den hellige,  
speiler sig sitrende rød.

Nils Collett Vogt

#### Møte 04.04.16.

Denne dagen var det bedriftsbesøk på nybygget til Hareid Group på Raffelneset.

Adm.dir. Dyrhol ønske oss velkommen, og fortalte først om utviklinga av firmaet frå det vart starta av Steinar Teigene i 1950 og fram til i dag

og synleggjorde den store veksten dei har hatt i denne perioden. Dei er no eit konsern med ca. 550 tilsette med ei omsetning på ca. 800 mill.kr. i året og med avdelingar i mange land.

Firmaet har i dag desse eigarane: Bjåstadbakken,40%, Jessimo as, 40%, og andre 20%.

Firmaet er delt inn tre hovudområde som er handel, maritime og bygg/industri. Maritime står for ca. 45% av omsetninga. Og Kleven og Myklebust står for 60% av maritim omsetning.

Dei har hatt mange gode år med god aktivitet, men siste året har dei merka godt dei vanskelege tidene i maritim industri p.g.a. det store oljeprisfallet.

I 2015 vert det raude tal i rekneskapen, og også i 2016 vert det vanskeleg.

Når det gjeld nybygget, så er det totale bruksarealet på 7000 kvadratmeter med ei grunnflate på 2300 kvadratmeter.

I første etg. er det resepsjon og ei stor kantine. Kontora ligg i 2 og 3 etg.

På taket er det plassert 1080 solcellepanel fordelt på 1700 kvadratmeter, som produserer ca. 200.000 kWt i året, og slik sett er dei langt på veg sjølvhelpte med straum, då totalforbruket er på ca. 300.000.

#### Møte 11.04.16.

Pastpresident Øystein ønske velkomen til nytt møte. Til opning song vi

"Alle fugler små de er". John Stennes takka for blommar han fekk frå klubben i samband med 70 årsdagen sin.

Johs. Hareide orienterte om dugnaden på rotarystien sist laurdag og kva som vart gjort. Det var litt mindre fram møte enn ynskjeleg, men ein fekk grusa det som var planlagt. Men det er vel eit spørsmål om laurdag er beste dagen for å samle medlemmane til dugnadsinnsats, meinte fleire.

Dagens føredragshaldar var Harald Toppol. og temaet var akuttkirurgien ved Volda Sjukehus.

Toppol er frå Hareid og har bl.a. vore med i styret for Helse Møre&Romsdal, og han er no overlege ved kirurgisk avdeling i Volda. Kirurgi var tidlegare eit fagfelt, men er no delt opp i fleire fagområder som ortopedi, ledd-/beinkirurgi og blaut kirurgi som går meir på indre funksjonar.

Ein deler også kirurgien opp i planlagt kirurgi, for eksempel hofteoperasjonar, og i akutt kirurgi, f.eks. i samband med ulykker.

Han kom også inn på nasjonal sjukehusplan som vart lansert 20.11.15,

der sjukehus med mindre pasientgrunnlag enn 60-80000 ikkje skulle ha akuttkirurgi i framtida, berre planlagt kirurgi.

Dette vart møtt med sterke reaksjoner og protestar og mykje presseomtalt, og vart tolka som første skritt til nedlegging av mange mindre sjukehus.

Etter at akuttkirurgi var lagt ned ved sjukehuset på Nordfjordeid, har Volda fått meir å gjere på dette området, sjølv om pasientane etter rett skal til Førde. Men avstandane dit er mykje lenger.

Han kom inn på viktigheita av å beholde kirurgien i Volda slik at ein kunne klare å opprettholde kompetansmiljøet og interessa for å søke seg til Volda.

Det vart ein frisk diskusjon i etterkant med mange spørsmål, både faglege og ikkje minst meir politiske om kva som vil skje med sjukehusstrukturen og korleis dette vil slå ut for Volda.

#### Møte 18.04.2016

Bernhard H. ønske vel møtt. Song

B.H. presenterte Otto Howlid ( muleg nytt medlem).

B.H. overlet ordet til dagens foredragshaldar, Tore Roppen.

Tore R. takka for at han var invitert til å halde foredrag og starta med ein kort presentasjon av seg sjølv. Han er i dag direktør for produksjon og innkjøp saman med å vere delaktig i Kleven sitt utviklingsprogram for automasjon og robotisering.

Klevengruppa har siste åra investert 500 mill på Kleven og 150 mill på Kleven Myklebust. Klevengruppa har tilgjengeleg 602 stk. overnattingsplassar som er nytta av leigearbeidera. Kleven har i dag 150 tilsette, med historie tilbake til 1915. Innkjøp av ny (brukt) dokk hos Kleven Myklebust for 3 år sidan. Ordreboka er pr. april på 11.5 milliardar kroner. Etter byggeprogrammet har siste fartøy til no levering hausten 2017 (hurtigrutene har kome til etter dette). Kleven er godt i gong med omstilling til andre båttypar (som fiskefraktbåtar, trålara, m.m.) Automatisering er enklare i dag då ein kan nytte:

- Kunstig intelligens
- Samhandling av 3D-modell
- Sensorar

- Forbedra sveisemetodar

- Lasersveising

T.R viste bilder av ulike robotar som vert nytta på Kleven i dag. Den nyaste sjølvutvikla roboten der ein kunne sjå 3stk. robotar montet på ein travers er straks klar til å starte opp. Bruk av robotar til sveising vil etter «testar» som er utført spare Kleven for store summer. Innkjøp av utstyr til bruk av robotar er billig, men kompetensen er dyr.

T.R avslutta foredraget med eit tilbod om at oss kunne stille spørsmål, noko oss var flike til.

B.H. takka for foredraget og avslutta møtet.

Møte 25.04.

Programfritt